



Randi Odland  
Hesjaholtvn 40  
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2334 - 15/18674

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
14.10.2015

## Godkjenning - GBNR 36/3 og 36/128 - Løyve til arealoverføring

**Administrativt vedtak. Saknr: 372/2015**

**Tiltakshavar:** Randi Odland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak arealoverføring plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav m

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Ved søknad journalført 25.8.2015 har Randi Odland søkt om løyve til arealoverføring av om lag 195 m<sup>2</sup> frå eigedomen gbnr 36/3 til bustadeigedomen gbnr 36/128, jf pbl § 20-1 bokstav m. Randi Odland er matrikelregistrert grunneigar av gbnr 36/3. Heimelshavarar til gbnr 36/128 er Camilla Gripsgård Bjørset og Tore Gripsgård Bjørset.

Søknaden var komplett og klar for handsaming ved mottak av tilleggsopplysningar frå søkar ved brev journalført 22.9.2015.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Søknaden om bruksendring vart nabovarsla 14.8.2015 og 7.8.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader frå naboar.

#### Plangrunnlag:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Omsøkt areal er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-spreidd bustad (SB\_26). Av føresegnene til kommuneplanen punkt 3.2.1 følgjer det at arealoverføring inntil 200 m<sup>2</sup> kan godkjennast utan dispensasjon. Overføring av areal større enn dette krev dispensasjonshandsaming.

Omsøkt areal – etter mottak av tilleggsopplysningar om redusert areal – er kontrollmålt til om lag 195 m<sup>2</sup> av avdelingsingeniør i kommunen. Frådeling som omsøkt krev etter administrasjonen sin vurdering ikkje dispensasjon.

#### Vurdering av vilkåra for deling/arealoverføring, jf pbl § 20-1 bokstav (m):

Arealoverføring er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-1 bokstav m. Det er ikkje krav til bruk av ansvarleg føretak, jf 20-1, 3. ledd, siste punktum. Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve). Arealoverføringa inneber heller ikkje at eigedomane vert endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at parsellane vert ueigna ved framtidig utnytting, jf pbl § 26-1. Det er i søknaden opplyst at omsøkt areal skal nyttast til oppføring av garasje for bustaden på gbnr 36/128. Dette vil etter overføring vere i samsvar med føresegnene til kommuneplanen punkt 3.2.1. Eventuell søknadsplikt for garasjen kjem an på storleik, høgde og plassering. Det er ikkje grunnlag for administrasjonen til å vurdere dette ytterlegare no, og det vert vist til det generelle regelverket i plan- og bygningslova kap 20.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og denne vert godkjent som omsøkt, jf vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 14.10.2015. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 195 m<sup>2</sup> frå gbnr 36/3 til gbnr 36/128 i samsvar med søknad journalført 25.8.2015, supplert 22.9.2015, og som vist på situasjonsplan stempla godkjent 14.10.2015. Grunnngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gbnr 36-3 og 36-128 - Godkjent situasjonsplan - Arealoverføring

**Mottakere:**

Randi Odland

Hesjaholtvn 40 5142

FYLLINGSDALEN